



## **SÆRAVTALE OM BEREDSKAPSVAKT FOR EINGANE EIGEDOM OG KOMMUNALTEKNIKK I STAD KOMMUNE**

### **INNLEIING**

Denne avtalen er inngått mellom Stad kommune og Fagforbundet og NITO.

Avtalen gjeld for perioden 01.01.2020 – 31.12.2020, og vert automatisk forlenga om ikkje partane seier opp avtalen. Avtalen kan seiast opp med minst tre månaders varsel.

Avtalen skal medverke til at vaktordninga skjer innanfor rammene av lov- og avtaleverk, samstundes som den gir optimale løysingar for brukarar, arbeidstakarar og arbeidsgjevar.

Avtalen gjeld for einingane Eigedom og Kommunalteknikk.

### **BEMANNINGSPLAN**

Einingane Eigedom og Kommunalteknikk skal lage ein bemanningsplan som grunnlag for arbeidsplanen. Bemanningsplanen skal vise behovet for personale gjennom døgeret og veka i avtaleperioden. Bemanningsplanen og bruk av ulike vaktordningar i einingane skal drøftast med plasstillitsvalde før ein utarbeider arbeidsplanen, jamfør arbeidsmiljølova § 13-3 og hovudtariffavtalen § 4-3.

### **ARBEIDSTID OG GODTGJERSLE VED BEREDSKAPSVAKT**

Beredskapsvakta vert ikkje rekna som ein del av ordinær arbeidstid, men kompenserast med ei godtgjersle i løn. Omrekningfaktor for godtgjersla skal vere 1:5.

Storleiken på den faste beredskapsgodtgjersla er utrekna slik at alle tilsette i kvar vaktordning får lik beredskapsgodtgjersle, rekna ut etter dei tilsette si årsløn.

### **KVILETID ETTER UTRYKKING VED BEREDSKAPSVAKT**

Dersom utrykkingstida er meir enn 4 timar samanlagt etter kl. 2200 og fram til kl. 0600, får den tilsette fri med lønn i inntil 8 timar umiddelbart etter den siste utrykkinga, etter samråd med einingsleiar/arbeidsleiar.

Ved mindre utrykkingstid enn 4 timar må den tilsette møte på dagvakt til vanleg tid og deretter avtale med leiar om kompenserande kviletid i form av å gå tidlegare heim frå vakt utan trekk i lønn.

Det er utarbeidd retningslinjer for beredskapsvakt for Kommunalteknikk og Eigedom i Stad kommune. Desse skal sikre at ordningane vert praktisert likt i begge einingar.

#### **AVTALE OM OVERTID:**


Partane har inngått avtale om utvida overtidsarbeid, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(5):


- Det kan med den enkelte avtalast overtid med inntil 20 timar i løpet av 7 dagar, inntil 50 timar i løpet av 4 samanhengande veker og inntil 300 timar i løpet av 52 veker
- Overtidsarbeid utover arbeidsmiljølova § 10-6(4) er frivillig og kan berre påleggast arbeidstakar som er villig til det. Den samla arbeidstida kan ikkje overstige 69 timar i nokon enkelt veke, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(8)
- Det kan også avtalast unntak frå regelen om samla arbeidstid, men denne må ikkje overstige 16 timar i løpet av 24 timar, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(9)
- Ved avtale om utviding av samla arbeidstid, skal arbeidstakar sikrast kompensierende kvileperiodar, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(9). Kvilen må følgje direkte etter arbeidsperioden og skal kompensere time for time
- Når det er nødvendig for å unngå alvorlege driftsforstyringar kan det også avtalast at overtidsarbeid skal gå føre seg i den arbeidsfrie perioden. Føresetnaden er at arbeidstakar får kompensierende kvileperiodar.

Nordfjordeid, 18.12.2019

  
Elin Leikanger  
Kommunalsjef

  
Heidi Kroken Bruland  
Personalsjef

  
Barbro Os Noste  
HTV Fagforbundet

  
Asbjørn Tverberg  
TV NITO